



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
06.01.20177	125878/2016	Jan Eirik Søråas

Saksnr	Utval	Møtedato
SA 8/17	Samferdselsutvalet	08.02.2017
9/17	Fylkesrådmannens tilråding	16.02.2017
U 11/17	Fylkesutvalet	27.02.2017

Forslag til endring av §§9 og 20 i yrkestransportlova - høyring

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet (SD) har i brev datert 9. desember 2016 bedt om høyringssvar om forslag til endring av yrkestransportlova. Høyringsnotat er vedlagt nemnde brev.

Vurdering

Forslag til endringar av yrkestransportlova er i hovudsak knytt til reglar om drosjeløyve.

Departementet har valt å dele opp høyring om forslag til endring i reglar om drosjeløyve i ein lovdel – som blir behandla i denne saka – og ein forskriftsdel som vil bli behandla seinare (vår/sommar 2017).

Forslaget til endringar av yrkestransportlova gjeld følgjande:

Første forslag:

I Kap. 2. Løyve, §9 (*Behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn utanfor rute*) heiter det i andre ledd):

«Løyve for drosjekøyring gjeven til fysisk person fell bort når innehavaren fyller 70 år.»

Forslaget frå SD til endring av andre ledd lyder:

«Løyve for drosjekøyring gjeven til fysisk person fell bort når innehavaren fyller 75 år..»

Forslaget inneber samanfall med høgste alder for å få køyresetel for persontransport mot vederlag, og fylkesrådmannen har ingen spesielle merknader til dette forslaget.

Andre forslag:

I Kap. 2. Løyve, §9 (*Behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn utanfor rute*) heiter det i tredje ledd):

«Løyvestyresmakta kan gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og om korleis dei skal drivast, om plikt til å betale innskot og avgift til sentralen og om at sentralen skal ha rett til å fastsetje køyreordninga og gje andre reglar for verksemda.»

Forslaget frå SD til endring i tredje ledd lyder:

«Løyvestyresmakta kan gje reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet. Slike føresegner kan gjerast gjeldande for løyvehavar og førar av drosje.»

Departementet gjer merksam på at ei endring av § 9 tredje ledd vil innebere eit behov for å gjere endringar i yrkestransportforskrifta.

Det er i utgangspunktet vanskeleg å kommentere nærare forslaget til endring av tredje ledd så lenge det ikkje ligg føre forslag til endringar i yrkestransportforskrifta. Fylkeskommunen vil inngi høyringsuttale når forslag til endring av forskrift ligg føre.

Fylkeskommunen har hatt som mål å samordne drosjetenesta i kvart løyvedistrikt i fylket gjennom oppretting av drosjesentralar eller vaktamarbeidsordningar, der løyvehavarar har tilslutningsplikt. Gjennom ei slik ordning er innbyggjarane sikra eit kontinuerleg drosjetilbod døgnet rundt heile året. Etter §1f) i yrkestransportforskrifta er det driveplikt for drosjeløyve 24 timar i døgnet, anten gjennom vaktordning for drosje tilknytt drosjesentral eller anna samarbeid eller som bustadsløyvehavar med 24-timars vaktteneste.

Forslaget frå SD inneber at løyvehavar kan operere på eiga hand (tilsvarande «friåkar» i Sverige) og ikkje ha korkje køyre- eller driveplikt (tilnærma drift av turvognløyve). Fylkesrådmannen meiner behovsprøvinga og tilslutningsplikta må oppretthaldast og at drosjesentralane bør gjevast større styringsrett.

Over tid har løyvestyresmakta og drosjenæringa brukt mykje ressursar på å opprette eit godt og fungerande transporttilbod i distrikta. Ut frå fylkesrådmannen si vurdering vil forslaget til ny lov gjere det vesentleg vanskelegare å oppretthalde det same tilbodet til publikum dersom det ikkje er tilknytingsplikt til drosjesentral.

Tredje forslag:

I Kap. 4. Transport som kan drivast utan løyve, §20 (*Annan persontransport*) heiter det i første ledd:

«Det trengst ikkje løyve når den som rår over ein personbil tek med seg folk han arbeider saman med eller grannar når han køyrer mellom bustad og arbeidsstad.»

Forslaget frå SD til endring av første ledd (andre ledd er uforandra, medan §20 sin overskrift er endra) lyder:

«§20. Samkøyning og ambulansetransport

(1) Det trengst ikkje løyve når den som rår over ein personbil tek med seg folk som har eit samanfallande transportbehov som han sjølv og vederlaget for transporten ikkje overstig kostnadene ved transporten fordelt mellom talet på personar i bilen.

(2) Likeins krevst det ikkje løyve for transport av sjuke eller skadde personar med godkjend ambulanse.»

Det er i Møre og Romsdal det same utbredde problemet med pirattaxi som elles i landet. Pirattaxi er ein risikofaktor i høve kriminalitet og sikkerheit til publikum. På denne bakgrunn ønskjer ikkje fylkesrådmannen ei utholing av dagens krav til løyveplikt og systemet med behovsprøving. Dersom denne endringa vert gjort vil det i større grad leggjast til rette for pirattaxiverksemd. Likevel ser vi at at det er ein fordel i høve miljøet å legge til rette for samkøyning. Dersom ein endrar regelverket knytt til dette, ber vi om at politiet i endå større grad vert gjort i stand til å slå ned på ulovleg køyring/pirattaxiverksemd.

--- IKKE SLETT DETTE! Her begynner innstilling IKKE SLETT DETTE! ---

Forslag til tilråding:

Fylkesutvalet støttar SD sitt forslag til endring av §9, andre ledd, i yrkestransportlova.

Fylkesutvalet støttar ikkje SD sitt forslag til endring av §9, tredje ledd, slik dette er utforma, men vil kome tilbake med nærare kommentarar når forslag til endring av yrkestransportforskrifta ligg føre.

Fylkesutvalet støttar ikkje SD sitt forslag til endring av §20, første ledd i yrkestransportlova.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

- 1 Oversendingsbrev frå SD om høyring
- 2 Høyringsnotat